



Ledige bustadtomter  
Løkjisskogen, Heggenes  
Øystre Slidre kommune



# LØKJISSKOGEN

bustadfelt, Heggenes

Øystre Slidre kommune har gode bustadtomter for sal i Løkjisskogen. Tomtene er på 1100 - 1500m<sup>2</sup>.

Løkjisskogen ligg lunt i furuskogen bak Haukhøvdhovda, sørvendt med solrike tomter og god utsikt.

Feltet ligg til Rogne skulekrins og garanterer barnehageplass fra barnet fyller eit år. Frå bustadfeltet er det gangavstand til Tingvang barnehage og ungdomsskulen.

Tomtene ligg idyllisk ved eit flott friluftsområde med fine turstigar tett inn til. Øystre Slidre Statsallmenning har gode jakt- og fiskemoglegheiter for kommunen sine innbyggjarar.

Som turistdestinasjon kan Beitostølen tilby eit rikt utval av butikkar, restaurantar og aktivitetar, samt kultur- og idrettsarrangement som t.d. Trollrock, Beitostølen Fjelljazzfestival, Beitosprinten og Det Norske Fjellmaraton.

Øystre Slidre kommune er ei kulturdygd med mange frivillige lag og organisasjonar. Kulturskulen har eit breitt tilbod innan moderne og tradisjonelle kulturutrykk. Kommunen har fleire gode møteplassar for ulike aldersgrupper t.d. biblioteket, gjennom Frivilligentralen og ungdomsklubben.

210 000,- inkl.  
omk

## GEOGRAFI / INFRASTRUKTUR

Beitostølen sentrum	18 km
Kommunesenter, Heggenes	2 km
Regionsenter, Fagernes	20 km

<b>SKULE</b>	
Rogne skule	7 km
Øystre Slidre ungdomsskule	0 km
Valdres Vidaregåande skule	25 km

<b>BARNEHAGE</b>	
Tingvang barnehage	0 km
Rogne barnehage	7 km

<b>TRANSPORT</b>	
Valdresekspressen (Fv 51)	0 km

<b>HELSE</b>	
Helsestasjon	2 km
Legekontor	2 km
Valdres lokalmedisinske senter	20 km



Foto: © Kjell Berge Melbybråten



Foto: © Tore Gran




## FINN FRAM TIL Løkjisskogen

### FRÅ FAGERNES

Ta av på FV51 mot Beitostølen ved bruhaugen i Fagernes sentrum. Følg vegen i om lag 19,5 km. Ta av til høyre mot Løkjisskogen ved bensinstasjonen. Hald vegen i omlag 500m, til du når Føssevegen.

### FRÅ BEITOSTØLEN

Kør sørover i retning Fagernes på FV51. Etter 16km, ta venstre inn på Vindevegen ved bensinstasjonen. Hald vegen i 500m, til du når Føssevegen.



## TOMTEKART





-rein naturglede  
Øystre Slidre kommune

KONTAKT OSS

Øystre Slidre kommune  
Bygdinvegen 1989  
2940 Heggenes

tlf: 613 52 500  
[post@oystre-slidre.kommune.no](mailto:post@oystre-slidre.kommune.no)  
[www.oystre-slidre.kommune.no](http://www.oystre-slidre.kommune.no)